



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato  
12.10.2017  
Dykkar dato  
31.01.2017

Vår referanse  
2016/14325 730  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Tilskot 2017 frå kapittel 765 post 60 – tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov**

I tilleggsfullmakt frå Helsedirektoratet har vi fått kr 5 000 000 på kapittel 765 post 60 til fordeling.

Ved utlysning av tilskot til tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov i 2017 søkte de om kr 1 650 000 i tilskot til å styrkje arbeidet med oppfølging i eigen bustad og aktivitetar. I brev av 9. mai 2017 fekk de kr 650 000 i tilskot til dette tiltaket.

Frå kapittel 765 post 60 får Meland kommune no ytterlegare tilskot på kr 300 000 til ovannemnde tiltak.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

#### **Bruk av midlane i 2017**

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

#### **Utbetaling og krav til stadfesting**

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg.

Ver venleg å fyller ut og sende stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

#### **Ubrukte midlar**

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 60 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.

- søkje om overføring av ubrukte midlar i 2016 til 2017. Føresetnaden for godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2017 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

### **Rapportering**

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere til oss innan 1. februar 2018 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).

Kommunen skal innan 31. mars 2018 sende rekneskapsrapport per 31. desember 2017, kontrollert og attestert av revisor.

Revisor skal få kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlingar knytte til dette tilskotet. Rekneskapsrapporten skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#).

### **Kontroll og dokumentasjon**

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Mona Fauskanger  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Stadfesting  
Regelverk for tilskotsordninga

Kopi til:  
Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 Frekhaug